

## Søknad om skjønnnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktninger i Hordaland

<b>Kommune:</b>	Meland kommune
<b>Søknadsbeløp:</b>	450 000
<b>Kommunens eigendel:</b>	450 000
<b>Kontaktinformasjon:</b>	Arngunna Haga / Marita Systaddal-Johansen
<b>Stilling i kommunen:</b>	Leiar / resurskoordinator
<b>Adresse:</b>	NAV Meland
<b>Telefon:</b>	55553333 ( direkte leiar 99 37 20 98)
<b>E-post:</b>	arngunna.haga@nav.no

**Namn på prosjektet:**

**Arbeid først**

(Ressurskoordinator)

**Prosjektperiode:**

2015-2017

Prosjektet starta 01.10.2015

**Målsetting:**

Meland kommune skal sikre at våre busette flyktninger etter introduksjonsprogram er økonomisk sjølvstendige og godt integret i samfunns- og arbeidsliv.

I prosjektperioden vil Meland kommune arbeide aktivt og systematisk for at fleire av dei busette flyktningane er yrkesaktive og ikkje avhengige av økonomisk sosialhjelp.

I prosjektperioden vil Meland kommune arbeide aktivt for at den enkelte flyktning får nyttiggjere seg utdannings- og erfaringsbakgrunn frå heimlandet slik at ein får til ein raskare og meir nyttig tilnærming til arbeidslivet.

**Kort status for prosjektet så langt.**

Ressurskoordinator vart tilsett 01.10.15. Prosjektet starta som planlagt og er godt i gong. Meland kommune busette 30 flyktningar i 2015 som er meir enn det som var talet på søknadstidspunktet i fjar. Målgruppa for prosjektet er identifisert og alle har individuell aktivitetsplan. Alle deltarane i målgruppa er no i aktivitet gjennom arbeid eller arbeidsretta tiltak. Sjølv om ein person er i arbeidsretta aktivitet eller har delvis arbeid, er det viktig å sikre at dei er aktive jobbsøkjrarar. Som ein del av prosjektet vert det arrangert «jobbklubbaktivitetar» ei veke etter påske og to/tre veker i sommar. Det er viktig at deltararar som og er i anna aktivitet møter her slik at dei og aktivt søker jobbar og ikkje vert innelåst på tiltak.

I tillegg til hovedmålgruppa som er personar som har avslutta introduksjonsprogrammet, har vi og inkludert personar som er i introduksjonsprogrammet for å sikre betre arbeidsretting i løpet av introduksjonsperioden. Deltakarane i introduksjonsprogram i Meland kommune har norskopplæring i skulen tre dagar per veke. Dei øvrige dagane er det ønskjeleg at deltakarane skal delta i språkpraksis.

Kvar torsdag og fredag arrangerer NAV Meland ein arbeidsverkstad/lekseverkstad for dei som ikkje har fått språkpraksisplass. Per mars 2016 er det berre 3 av 34 aktive deltakar av introduksjonsprogrammet som ikkje er i språkpraksis. Det gode samarbeidet med arbeidsmarkanden meiner vi er eit resultat av det målretta arbeidet i prosjektet. Det har vore viktig at all arbeidstrenings, om det er eit arbeidsretta tiltak eller språkpraksis, skal ta utgangspunkt i kvar vi trur den enkelte kan lukkast i arbeid framover.

Nytt av året er at kvar ny busett flyktning får tildelt ein flyktningfadder som fylgjer dei i fire månader. Dette har og ført til ei betre integrering i lokalsamfunn og arbeidsliv.

I prosjektperioden gjennomfører vi i samarbeid med NAV Intro i eit arbeidsretta gruppeltak «Arbeidslivsorientering» i Nordhordland. Vi ser at det har ein viss effekt at tiltaka og kan arrangerast i regionen. Vi vil i fortsettinga nytte oss av kompetansen ved NAV Intro til å drøfte gode kvalifiseringsløp for den enkelte deltakar.

NAV Meland og NAV Bømlo har jevnlege møter der vi utvekslar arbeidsformer og gode tips.

Det er etablert ei nettverksgruppe for kommunane i Nordhordland der vi og kan dele erfaringar frå prosjektet. NAV Meland har koordinert nettverket fram til no og kallar inn til desse møta. Leiing skal gå på omgang mellom kommunane i nettverket.

#### **Prosjektskildring:**

Meland kommune skal i perioden 2015-2018 busette 115 flyktningar. Kommunestyret skal no handsame sak om oppmodinga om å busetje einslege mindreårige samt oppmodinga om å auke talet på flyktningar ytterlegare for perioden 2015 – 2016.

I prosjektperioden har vi, slik vi skreiv i førre søknad, opplevd at det er vanskelegare for flyktningane no enn for berre få år tilbake å få innpass på arbeidsmarknaden både i ordinært arbeid og gjennom arbeidsretta tiltak.

Det at ein stor del av deltakarane fullfører introduksjonsprogrammet utan å ha nådd tilstrekkeleg språknivå er eit alvorleg hinder for at dei skal klare seg sjølv etter endt introduksjonsprogram. Dei har eit for lavt språknivå i høve krav i arbeidsmarkanden, skule eller kvalifiserande tiltak. Mange deltakarar er og for svake i norsk til og å kunne nyttiggjera seg tilrettelagte kvalifiserande tiltak i regi av NAV.

Vi opplever framleis at det er eit tomrom mellom introduksjonsprogrammet og NAV sine arbeidsretta tiltak for vaksne. Alt for mange gonger blir tomrommet fylt med passiv økonomisk sosialstønad. Ein for stor del av flyktningane står utan arbeid eller skuleplass etter introduksjonsprogram.

I prosjektperioden har vi derfor sett at vi og må inkludera dei som er i introduksjonsprogrammet slik at vi sikrar arbeidsretting i heile perioden. Vi stiller større krav til innsats frå den enkelte i språkopplæringa med vilkår om å møte på lekseverkstad/arbeidsverkstad, språkcafe samt at PC skal nyttast aktivt i språkopplæringa utanom skuletid. Den enkelte deltakar blir kartlagt betre og det har

vore viktig at vi prøver å finne ein språkpraksisplass som matcher betre bakgrunn og interesser for den enkelte. Vi trur at dersom den enkelte og får ein arbeidstrening i tråd med sine eigne preferansar vil motivasjon for å lære seg norsk auke og den enkelte vil og sjølv erfare kva norsknivå som gjeld innan eit aktuelt yrke/bransje.

Sjølv om vi så langt i prosjektperioden har mange i aktivitet og dermed få/ingen som er passive mottakarar av ytingar, er det viktig at tiltaka ikkje berre blir eit «kvilekjær» før brukarane på nytt vert nøydd å søkje økonomisk sosialhjelp for å klara seg. Det er og viktig at tiltaka ikkje blir eit mål i seg sjølv der det er tiltaka som held folk unna sosialhjelp og ikkje arbeidsintekt.

Ressurskoordinator skal gi tett og koordinert oppfølging av den enkelte. Vi ynskjer å arbeide for å utvikle samarbeid med aktuelle instansar for målgruppa og jobbe til det beste for den enkelte på tvers av grensesnitt mellom opplæring, arbeid, fylkeskommune, stat og kommune.

Kvalifisering for arbeidslivet kan gjerast på fleire måtar. Ressurskoordinator vil ha fokus på meistring. Programmet skal visa den enkelte deltakar kva muligheter som er på arbeidsmarkanden og samstundes avdekke kva bistand deltakaren eventuell treng for å lukkast. Programmet skal støtte deltakaren til innsikt i eigne forutsetningar, faglege og sosial kompetanse, særskilde evner og interesser knytt til arbeidsdeltaking. Programmet vil nytte ordinært arbeidsliv for arbeidsutprøving, kvalifisering og dokumentasjon av yrkesfaglege ferdigheter.

Programmet vil ha ein grunnleggjande tanke om at motivasjon for utdanning eller anna kvalifisering er viktig for å få og bli verande i arbeid.

Ressurskoordinator vil ha dialog med NAV Tiltak, Intro og marknad (NAV Hordaland) slik at tiltaksaktiviteten vert samordna for målgruppa.

I prosjektet er vi særskilt opptatt av dei sårbarane overgangane til dømes mellom introduksjonsprogram og overgangen til arbeid, kvalifisering eller jobbsøkjar.

Målgruppa for prosjektet er busette flyktningar siste 5 år som mottar økonomisk sosialstønad etter avslutta introduksjonsprogram. I tillegg vil ein gjennom prosjektet sikre betre arbeidsretting i introduksjonsfasen. Det å tenke arbeid frå dag ein er viktig for å lukkast med busettinga samtidig som vi opplever at dette møter den enkelte på deira eigen motivasjon om å kome i arbeid så snart som mogeleg. Prosjektilsett vil ha kvar enkelt i fokus og arbeide tett med den enkelte. Deltakaren i prosjektet skal sjølv eige sitt liv og sine val, men skal få bistand av ressurskoordinator til å finne meistringsområda sine. Prosjektet er brukarorientert. Brukarmedverknaden er sikra.

#### Milepælar 2015

- |                   |  |
|-------------------|--|
| 1. oktober        | Ressurskoordinator vart tilsett                                    |
| 1. november       | Målgruppe er identifisert  |
| 15. desember      | Første frukostmøte med aktuelle arbeidsgjevarar                    |
| 31. januar (2016) | Ferdigstilt aktivitetsplan for alle med inntil 37,5 timer per veke |

## Framdriftsplan for 2016:

### 1. januar

Målgruppa vart utvida. Arbeidsretting frå dag ein introduksjonsprogrammet. Ein konsekvens av auka busetting.

### 15. januar

Oppstart

Arbeidsverkstad/lekseverkstad etablert.

Kvar torsdag og fredag. - kontinuerlig

### 29.mars-01. april

«Jobbsøkjarverkstad» - for alle deltagarar

### Juni/juli

«Jobbsøkjarverkstad» 2-3 veker i sommar.

### August

Mellomevaluering: Kva resultat har vi no. Korleis ser «mulighetsbildet» ut for den enkelte.

### Kontinuerlig

Oppfølging på arbeidsstad

### Kontinuerlig

Sikre introdeltakarane ein plan etter fullført introduksjonsprogram.

### Ein gong per månad

Samarbeidsmøte – erfaringsutveksling med Bømlo kommune

### Kontinuerlig

Deltaking i nettverk i Nordhordland

### Januar 2018

Ny arbeidsform etablert

## Budsjett 2016:

Lønsmidlar NOK 450 000

Eigeninnsats NOK 450 000

Totalt NOK 900 000

## Andre opplysningar:

Bømlo kommune og Meland kommune har eit samarbeid om dette prosjektet. Vi meiner samarbeid kring metodisk arbeid vil gjere at me lettare vil nå målet om kvalifisering for busette flyktningar i desse to kommunane.

Ingvild Hjelmteit  
Rådmann

Arngunna Haga  
Leiar NAV

## **PROSJEKTSKISSE: ARBEID FØRST**

Prosjektperiode: oktober 2015 – desember 2017 (med forbehold om tilskot frå fylkesmannen i Hordaland)

### **MÅLSETTING**

Hovedmål: Sikre at våre busette flyktninger etter introduksjonsprogramperioda er økonomisk sjølvstendig og godt integrert i samfunns- og arbeidsliv. Programinnholdet skal bidra til å avklare deltakarenes kompetanse og kvalifiseringsbehov i forhold til krav på arbeidsmarknaden og ev. behovet for videre utdanning. Programmet skal vise den enkelte deltakar kva mogelegheiter som er på arbeidsmarknaden, og samstundes avdekke kva bistand deltakaren eventuelt treng for å lukkast. Programmet skal støtte deltakaren til innsikt i eigne føresettingar, fagleg og sosial kompetanse, særskilde evner og interesser knytt til arbeidsdeltaking.

Delmål: Kvar introduksjonsprogramdeltakar skal ha kjennskap til kva normer og reglar som gjeld i det norske arbeidsliv. Programdeltakarane skal innan utgang av introduksjonsprogrammet ha kjennskap til korleis ein går fram for å søkje ein jobb. Dei skal ha utarbeidd ein god CV og minimum 10 søknader til aktuelle stillingsannonser, dette uavhengig av om deltakaren skal ha vidare skulegang etter avslutta programtid. Kvar deltakar skal ha ein individuell plan for vidare aktivitet etter avslutta introduksjonsprogram.

### **MÅLGRUPPE**

Målgruppe I, ferdig i introduksjonsprogram: Personar som har avslutta toårig introduksjonsprogram men ikkje er økonomisk sjølvhjelpen gjennom arbeid eller skulegang.

Målgruppe II, framleis i introduksjonsprogram: Personer som framleis er i introduksjonsprogram og har deltatt i introduksjonsprogrammet i minimum 8 månader.

## FRAMDRIFTSPLAN OG PROSJEKTINNHOLD

Målgruppe I: Denne gruppa vil få tett oppfølging. Det skal haldast gruppесamlingar mellom kl. 08:30 – 11:00, to til tre dagar per veke. Gruppесamlingane vil innleiaist med ein felles undervisningsbolk med ulike tema som bl.a. CV, søknad, jobbintervju og budsjett. Etterfølgd av undervisning skal kvar deltarar arbeide individuelt på ein datamaskin med bl.a. CV, jobbsøknadar, registrering på nav.no, interessenstest, yrkeslabyranten m.m. I løpet av gruppесamlinga vil ein foreta individuelle samtalar kor ein mellom anna tek jobbmatch, avklarar vidare opplæringsbehov i norsk og behov for NAV-tiltak, kontaktar arbeidsgjevarar. Som ein del av gruppeundervisninga vil ein og gå på bedriftsbesøk. I denne målgruppa er fleire av deltararane i AMO-kurs fram til om med desember 2015.

Per november 2015 utgjer denne gruppa 8 stykk kor 6 av personane er i tiltak/skulegang. Det vil være føremålstenleg at ein startar opp med gruppесamlinga i byrjinga av januar 2016 for å få fylt opp gruppa og få best utbytte av gruppedydynamikken. Dei to personane som er heilt eller delvis utan tilbod per november 2015 vil få individuell rettleiing fram til gruppесamlinga startar. Dei som er i tiltak vil kallast inn til samtale i løpet av november 2015 for utarbeiding/revidering av individuell plan. Ein vil besøke dei på tiltaksarenaen. Kva får dei ut av tiltaket? Kva har dei lært, kva erfaringar sitter de med, har tiltaket ført kandidaten nærmere arbeid. etc. Plan vidare når tiltaket er avslutta, mogelegheit for ordinært arbeid eller ev. med tiltaksvirkemiddel frå NAV (APO, mentor, lønnstilskot med meir.).

Målgruppe II: Denne gruppa er framleis i introduksjonsprogram og vil få ein opplæringspakke/jobbkurs om lag 8-17 månad ut i programtida. Kurset vil ha ein varighet på om lag 8-10 dagar alt etter norsknivå og progresjonen i gruppa, og vil haldast på dei dagane deltararane elles ikkje har norskopplæring på skulen. Det vil sei at ein kursperiode vil strekke seg over 1-2 månader. Kurset vil innehalde ein opplæring i CV, søknad, jobbintervju, informasjon om viktige internetsidar som til dømes; utdanning.no, nav.no, vilbli.no, husbanken.no (personleg budsjett og startlån).

Første opplæringspakke/jobbkurs vil starte opp i februar 2016 med 14 deltararar.

Fem til syv månader før utgang av introduksjonsprogrammet vil kvar introduksjonsprogramdeltakar i samråd med flyktningtenesta ha utarbeidd ein tydeleg plan for vidare aktivitet etter avslutta introduksjonsprogram.

**Kommentar/tilleggsopplysning for antal personar i prosjektets målgruppe:**

Grunna auka antal flyktningar busett i Meland kommune frå og med våren 2015, vil ein innan mai 2016 ha ein vesentleg auking i antal personar som går inn under prosjektets målgruppe. Ein vil sjå ein særleg auke i målgruppe II kor deltarane framleis er i introduksjonsprogram. Med utgangspunkt i framdriftsplanen kan ein difor anslå at ein må halde opplæringspakka/jobbkurset 2-3 gonger per kalenderår. Flyktningtenesta vil vurdera å halde eit av dei årlege kursa i skulen sin ferie i juni og byrjinga av august, kor flyktningtenesta i Meland likevel er ansvarleg for å halda eit tilbod til introdeltakarane.

**AKTUELLE AKTØRAR OG SAMARBEIDSPARTNARAR**

**Arbeidsgjevarar**

- 15. desember 2015: Frukostmøte i for arbeidsgjevarar i Meland kommune med tema; sjukefråvær, ungdom og flyktningar.
- Ein vil følgje opp personer i tiltak (arbeidstrening og lønnstilskot) ved å ha møter på arbeidsplassen til kvar deltar. Tydelige bestillingar til arbeidsgjevar når det gjelder bruk av praksisplass. Kva er målet? Kva skal deltararen lære i løpet av praksistida. Er det mulig å gjennomføre yrkesutprøving kor deltararen får ein dokumentasjon på ferdighetene innan yrker dei har bakgrunn i frå før men som dei manglar papirar på. Kva er arbeidsgivars vurdering av kva som skal til at kandidaten skal få jobb nå eller på sikt.

**Lindås opplæringsenter - norskopplæringa**

- 9. januar 2015: Møte med skulen i høve til våre forventningar om tilboden. Flyktningtenesta ynskjer at skulen tilbyr 5-dagars skule for dei elevane kor det er føremålstenleg med meir norskopplæring i starten av introduksjonsprogrammet. Andre

tema for møtet er innkjøp av lyd-til-tale program/headset for introdeltakarar, samt behov for datamaskiner.

- Felles møter med deltakar, kontaktlærar og flyktingtenesta i høre til utarbeiding av programdeltakarane individuelle plan.
- Felles planleggingsmøte ein gong per semester med flyktingtenesta og alle kontaktlærarar.
- Det er avtalt med skulen at ein person frå flyktingtenesta i Meland skal ha kontorplass ved Lindås læringssenter ein gong i veka (torsdagar) for å fremme dialog med skulen, samt skape rom for tettare dialog med introdeltakarane (revidering av individuelle planar og annan individuell rettleiing).

#### NAV tiltak, intro og marknad

- NAV Meland vil halde eit møte med NAV Tiltak om erfaringar med tiltak for flyktingar.
- Jamleg dialog med NAV Intro i høve til å gje best mogeleg kurstilbod til aktuelle deltakarar

#### Hero

- Tett dialog med Hero med bakgrunn i dei deltakarane som er i siste del av introduksjonsprogrammet og deltek på AMO-kurset «Arbeidslivsorientering med norsk og praksis».

#### Flyktningnettverket i Nordhordland

- Delta på felles fagdagar og fellesmøter for å koordinere tilbod til deltakarane i skulen sin ferie

#### Meland frivilligsentral

- Delta i møter i ressursgruppa for flyktningfadrane og dra nytte av deira nettverk på arbeidsmarknaden